



Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/614 - 15/8718

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

04.08.2015

Byggesak Gbnr 45/432 - Manger velferdssenter - tilbygg - igangsetjingsløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 194/2015

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Idrettsvegen 2**

Tiltakshavar : Tveit Arkitektkontor as

Ansvarleg søker : Radøy kommune

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for tilbygg til Manger velferdssenter.

Det er i sak 146/2015, datert 03.06.2015 gjeve rammeløyve for tiltaket.

Manger Velferdssenter skal utvida lokala for heimetenesta med kontor, medisinrom og lager. Tilbygget er i ein etasje og vert lagt som ei utviding av eksisterande bygg i nordvestleg retning.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.07.2015.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Manger sentrum er definert som område for offentlege bygningar.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Uttale frå annan styresmakt

Det ligg føre følgjande vedtak om samtykke på vilkår frå Arbeidstilsynet datert 25.06.2015:

Samtykke på vilkår

Med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 gjev Arbeidstilsynet samtykke til planane på følgjande vilkår, jf.. arbeidsmiljølova § 18-6 sjette ledd.

1. Arbeidstilsynet krev ventilasjon av arbeidslokale og personalrom. For å oppfylle funksjonskrav gitt i samsvar med arbeidsmiljølova § 4-4(1) vil det normalt vere nødvendig med balansert ventilasjon. Tilfredsstillande inneklime må dokumenterast med skriftleg rapport frå innregulering av ventilasjonsanlegget, eventuelt frå utført funksjonskontroll. Rapporten må kunne leggjast fram for Arbeidstilsynet ved ev. kontroll, jf.. Arbeidsmiljøloven § 4-4 første ledd, arbeidsplassforskriften §§ 2-14, 7-1. Sjå også Arbeidstilsynets veiledning om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen.

Tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgjevarar/leigetakarar, er ansvarleg for å etterkome vilkår i dette samtykket. Sjå arbeidsmiljøloven § 18-6 sjette ledd og § 1-3 tredje ledd, i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler som regulerer utleiars ansvar.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Følgjande ansvarsrett er gjeve i rammeløyve sak 146/2015 datert 03.06.2015.

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Tveit Arkitektkontor as, org.nr. 981 475 984	S	SØK	1	Ansvarleg søkjar

Føretaket **Tveit Arkitektkontor as**, org.nr. 981 475 984, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering arkitektur.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Åsane Byggmesterforretning as**, org.nr. 962 116 663, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering, overordna ansvar prosjektering riving og tilbygg alle fag.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Åsane Byggmesterforretning as**, org.nr. 962 116 663, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring, overordna ansvar utføring riving og tilbygg alle fag.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.07.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtaket:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det **GODKJENT** søknad om igangsetjingsløyve som omsøkt for oppføring av tilbygg på følgjande vilkår:

1. Villkår sett i tidlegare løyve gjeld fortsatt.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSOMRÅDE
Tveit Arkitektkontor as, org.nr. 981 475 984	S	PRO	1	Prosjektering arkitektur.
Åsane Byggmesterforretning as, org.nr. 962 116 663	S	PRO	1	Prosjektering riving og tilbygg alle fag.
Åsane Byggmesterforretning as, org.nr. 962 116 663	S	UTF	1	Utføring riving og tilbygg alle fag

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming, igangsetjingsløyve	kr	<u>2 700</u>
		Totalsum	kr 2 700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert

situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/614

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune